

NYHETSBREV – Vestfold og Telemark

Målgruppe: Kommunane og andre samarbeidspartar i fylket.
Utgjevar: Regionalt støtteapparat v/ Statsforvaltaren, KS og USHT.
Kontakt: Elisabeth Holte fmteeho@statsforvalteren.no Mob: 99169716

Nr. 1- Mai 2021

Informasjon om Leve heile livet

Statsforvaltaren startar med nyheitsbrev om den nasjonale strategien *Leve heile livet*. Nyheitsbrevet sendast til kontaktpersonane i kommunane, som formidlar brevet i eigen kommune. Brevet er i tillegg lagt ut på Statsforvaltaren si [nettside](#). Statsforvaltaren koordinerer arbeidet med Leve heile livet i fylket. Kontaktperson er Elisabeth Holte, mob: 99 16 97 16, fmteeho@statsforvalteren.no

Det regionale støtteapparatet for Leve heile livet

Det regionale støtteapparatet for Leve heile livet i Vestfold og Telemark er Statsforvaltaren, Kommunesektorens organisasjon (KS) og Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT). Desse møtast kvar månad. I det utvida regionale støtteapparatet deltek i tillegg Fylkeseldrerådet og fylkeskommunen. [Se oversikt over representantar på side 2.](#)

Gjennomføringsplan og kontakt med kommunane

Vi har nå laga ein gjennomføringsplan for 2021-23 om hovudrammer for satsinga i fylket. Dette er eit dynamisk dokument, som er ope for innspel frå kommunane og andre aktørar. Eldrereforma Leve heile livet er nå halvvegs. For å få oppdatert informasjon om status i kommunane vil den nye koordinatoren hos Statsforvaltaren kontakte kvar enkelt kommune i nær framtid. Eit viktig tema er plankravet for gjennomføring av Leve heile livet i kommunane.

Se link til [Gjennomføringsplanen 2021-23 Vestfold og Telemark](#)

Konferansar:

1. KS inviterer til gratis, digital erfaringskonferanse **26. mai 2021 kl. 10.00 - 14.00** - Lære av kvarandre - Dele med kvarandre. Målet med erfaringskonferansen er å spreie gode erfaringar og døme fra kommunane sitt arbeid med Leve heile livet, til inspirasjon for kommunesektoren. Det er ønskjeleg å inspirere til å sjå arbeidet i samanheng med andre satsingar. Påmeldingsfrist: 21. mai 2021. <https://www.ks.no/kalender/nasjonal-erfaringskonferanse-leve-heile-livet/>



2. Helse- og omsorgsdepartementet og **Helsedirektoratet inviterer til open og gratis digital konferanse 2. juni:** Leve heile livet og nye nasjonale satsingar: Korleis møter vi utfordringane i

framtida? Temaet for konferansen er korleis dei nye nasjonale satsingane; - *Kompetanseløft 2025, Demensplan 2025, Pårørandestrategien, Nasjonal ernæringsstrategi og oppfølging av stortingsmelding om Lindrande behandling og omsorg*, - heng saman med måla i reforma. Les meir om konferansen og meld deg på her: [Leve heile livet 2021 - Heim \(berg-hansen.no\)](https://www.berg-hansen.no)

Verktøy for planlegging av sjukeheim og omsorgsplassar

KS har utvikla eit [dimensjoneringsverktøy](#) som skal bidra til å gi betre innsikt i kommunen sine antekne framtidige behov innan pleie- og omsorgstenester. Det er Helseøkonomisk analyse AS som har utarbeida verktøyet for KS. Modellen har blitt testa i fleire kommunar i fleire omgangar og har fått gode tilbakemeldingar.

Tilbod om e-læringskurs - Matglede

Landbruks- og matdepartementet har utarbeida eit e-læringskurs som skal inspirere, auke forståinga og vere utgangspunkt for refleksjon om korleis skape mat- og måltids glede for eldre. Kurset er for alle som er i nærkontakt med eldre menneskjer, anten gjennom jobb (sentralkjøkken, postkjøkken, pleie, heimetenesta m.m.) eller som pårørende eller som besøksvenn/spisevenn. Her kan du lese meir om kurset: <https://matgledekorpsset.no/>

Heile kurset tar omlag 1,5 til 2 timar. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har fått 150 lisensar til kurset. Kommunar som vil ha kurset kan ta kontakt med Lisbeth Haugan for å få tilsendt lisens: fmvelha@statsforvalteren.no

Nyttige lenkjer

- [Stortingsmelding 15 \(2017–2018\) Leve hele livet–En kvalitetsreform for eldre](#)
- [Ressursportal–for analyse og planlegging](#)
- [Helsedirektoratet si temaside om Leve hele livet](#)
- [KS-verktøy strategisk kompetanseplanlegging](#)
- [Senter for Aldersvennlig Norge](#)

Regionalt støtteapparat for Leve heile livet, Vestfold og Telemark:

Statsforvaltaren:	
Elisabeth Holte	fmteeho@statsforvalteren.no
Roger Jensen	fmterje@statsforvalteren.no
Lisbeth Haugan	fmvelha@statsforvalteren.no
KS:	
Merethe Taang	merethe.taang@ks.no
USHT (Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester):	
Ellinor Bakke Aasen	ellinor.bakke.aasen@sandefjord.kommune.no
Marit Skraastad	marit.skraastad@porsgrunn.kommune.no
Therese Midtgaard Jensen	therese.midtgaard.jensen@sandefjord.kommune.no
Fylkeskommunen:	
Lene Henum	lene.henum@vtfk.no
Agnes Haugan	agnes.haugan@vtfk.no
Inger Elisabeth Borge	inger.elisabeth.borge@vtfk.no
Finn Egil Aure (eldrerådet)	finn.egil.aure@vtfk.no